

Gunnar Kvasheim (V):

- Eit hav av mulegheiter

Dette er veldig spennande. Eg er overtydd om at med god marknadsføring så vil Eid Fjordvarme lukkast på fleire område. Dette var ein del av konklusjonen til Gunnar Kvasheim, leiar for Stortinget sin olje- og energikomiteé, etter at han måndag vart orientert om Fjordvarmeprosjektet på Nordfjordeid.



Gunnar Kvasheim var tydeleg imponert over det ein har fått til i samband med Fjordvarmeutbygginga på Nordfjordeid. Elles på biletet: Gunvald Ludvigsen og Arild Hjelmeland.

- Med dagens pris på elektrisk kraft, er det genialt å utnytte ei varmekjelde som ligg rett utafor stovdøra. Ikkje minst vil det arbeidet som ein har gjort på Nordfjordeid kunne kome andre som tenkjer framtidsetra til gode. Det som er viktig for Eid Fjordvarme er å knyte til seg sentrale medspelarar i det vidare arbeidet, sa Gunnar Kvasheim etter å ha fått ein grundig gjennomgang av dei fleste sider ved Fjordvarmeprosjektet på Nordfjordeid. Kvasheim meinte vidare at det var viktig for dei som jobbar med Fjordvarme å ikkje berre sjå på ENOVA som ein plass ein søker midlar, men at ein ser på ENOVA som ein sentral medspelar i det utretta arbeidet. - Slike eg ser det så ligg det bokstaveleg talt eit hav av mulegheiter i forhold til fjordvarme, sa Gunnar Kvasheim.

Pilot

Dagleig leiar i Fjordvarme, Magne Hjelte og prosjektleiar for Fjordvarme si utretta verksemd, Nils Ola Strand gav Kvasheim ei unik innsikt i korleis Eid Fjordvarme starta, korleis sjølv utbygginga vart utført og om innsparingspotensiala ved å nytte fjorden som varme- og kjølekjelde. Vidare vart det orientert om kven som hadde knytt seg til dagens infrastruktur, og om mulegheitene for ei vidare utbygging av nettet, spesielt knytt til nyetablerte bustadområde.

- Det vi har oppnådd er kostnadsreduksjon i energibruken, betre innemiljø i offentlege bygg på grunn av kjølingsmulegheitene, breiband til alle som knytter seg til infrastrukturen, styrking av det lokale næringslivet, bedriftsrekruttering, gode aktivitetstilbod, meir fokus på energibruk ved å nytte vassboren varme, sa Magne Hjelte og viste til at eit vellykka prosjekt på Nordfjordeid kunne vere eit mønsterprosjekt for resten av landet.

- Det som må til for at ein skal lukkast er langsiktig tenking, utbygging av infrastruktur for framtida, livsløpsperspektiv på alle nybygg og ei bevisstgjerjing i alle ledd, sa Hjelte og poengterte at bevisstgjerjinga i første rekkje måtte vere hos kraftselskap, utbyggjarar, arkitektar/konsulentar og kommunar.

Lunden-utbygginga

Oddvin Myklebust frå Norplan orienterte leiarane for energikomiteen om dei førebels planane for utbygging av eit nytt bustadfeltet i Lunden. Eit utbyggingsprosjekt som planlegg å ta i bruk fjordvar-

me til oppvarming i ei bustadblokk og vertikaldelte tomannsbustader.

- Bustadfeltet i Lunden er planlagt utbygd med både lågenergibustader og passivhus. Sjølv om det ikkje er utarbeidd ein konkret definisjon på kva som ligg i omgrepet «Lågenergibustader», så kan ein seie at det er bustader med ein total energibruk på under 100 kWh per rutemeter per år (kWh/m²/år). Normalen for bustadhus ligg i dag på 170 til 180 kWh/m²/år. Energi til oppvarming ligg på 30 kWh/m²/år. Energi til forbruksvatn 35 kWh/m²/år. Fjordvarme vert nytta til både oppvarming av huset og forbruksvatnet.

- Passivhus har eit konkret definert omgrep, sa Myklebust og viste til at det her er snakk om hus med eit totalt energibruk på 55-65 kWh/m²/år. Planen er at det skal byggast både lågenergibustader og passivhus i Lunden, sa Oddvin Myklebust.

Spennande

- Det ein har fått til på Nordfjordeid er veldig spennande. Med god



Oddvar Os, styreleiar i Eid Idrettspark, orienterte Gunnar Kvasheim om utbygginga av Eid Idrettspark. - Utan Fjordvarmeprosjektet ville det ikkje vore rekningsvarande å legge undervarme på kunstgrasbana, sa Oddvar Os.

marknadsføring er overtydd om at Fjordvarme på Nordfjordeid vil kunne lykkast ut over det å drifte Fjordvarme lokalt. Det er ikkje berre på Nordfjordeid at ein har fjord og vatn. Eg vil tru at mange lokalsamfunn langs vår langstrekte

kyst vil kunne dra nytte av dei erfaringane ein har gjort i Eid kommune, sa Kvasheim, som etter orienteringa i Næringsshagen fekk ein runde innom både vekslarhuset på Nordøyane, Eid Idrettspark og Nordfjord sjukehus.

Kutta energiutgiftene med 75 prosent

- Sidan vi starta med Enøk-arbeidet i 1997 har vi ved Nordfjord sjukehus redusert energikostnadene med heile 75 prosent, sa Per Helge Haugen då Gunnar Kvasheim, leiarane for olje- og energikomiteen besøkte Nordfjord sjukehus.

- Då vi starta ENØK-arbeidet hadde Nordfjord sjukehus eit energiforbruk på 405 kWh/m²/år. Landsnittet var på det tidspunktet på cirka 400 kWh/m²/år. I dag, etter ni år, ligg energiforbruket på Nordfjord

sjukehus og Nordfjord Psykiatrisenter på 124 kWh/m²/år. I reine pengar så nærmar vi oss ei innsparing per år på to millionar kroner, sa Per Helge Haugen og la til at mange av investeringane som er gjort har hatt ei innteningstid på under eit år.

Får ikkje vinsten

Per Helge Haugen var også innom kor viktig det er å ha ei gulrot å strekke seg etter i ENØK-arbeidet.

- Då fylkeskommunen eigde og dreiv sjukehusa i fylket, fekk vi vinsten av ENØK-arbeidet. Vinsten vart nytt til å gjere endå

meir på teknisk side, og i forhold til energisparing. Etter at staten overtok sjukehusa i fylket er det slutt på at vinsten vert liggande att i til dømes Nordfjord sjukehus. Det kan hende at når ein tek bort gulrota så vert det mindre interessant å drive slikt arbeid, sa Haugen og viste til at innsparingspotensiala innan energioptimalisering er stort ved fleire av institusjonane i Helse Førde. - Det er ikkje ideane som manglar, snarare initiativet, sa han.

TORMOD FLATEBØ
tormod@fjordbladet.no
Direkte telefon: 57 88 53 18



Per Helge Haugen, teknisk sjef ved Nordfjord sjukehus informerte Gunnar Kvasheim om ENØK-arbeidet ved Nordfjord sjukehus.